



Til alle som eig jordbruksareal i Vindaford

**Areal og forvaltning**

**Saksh:** Sissel Lilleland

**Tlf:** 53 65 61 30

**Dato :** 05.06.2014

**Vår ref:** 14/8052

**Dykkar ref:**

**Arkiv:** Gnr.Bnr-

**DRIVEPLIKT ETTER JORDLOVA - KRAV OM 10-ÅRIGE JORDLEIGEAVTALAR**

Stortinget vedtok i 2009 varig driveplikt på jordbruksareal, jf. jordlova § 8. Kommunen vil i tida framover prioritere arbeidet med å innhente skriftlige jordleigeavtalar og setje fokus på driveplikta.

**Dette er kravet etter lovendringa i 2009;**

- Jordleigeavtalen skal vere skriftleg
- Gjeld for 10 år
- Førå til ei driftsmessig god løysing
- Kopi av leigeavtalen skal sendast kommunen
- Kommunen kan gje dispensasjon frå kravet om varighet på 10 år dersom gode grunnar tilseier det

Ved å leige bort jordbruksarealet til gardsbruk i drift legg du forholda til rette for å oppretthalde kulturlandskapet og landbruket i Vindafjord blir styrka for framtida.

Kommunen kan hjelpe til med å formidle kontakt med gardsbruk som har behov for leigejord eller har jord til leige.

Eig du jordbruksareal som vert drive utan skriftleg leigeavtale eller areal som ikkje vert drive i det heile, kan kommunen påleggja deg å leige bort jorda med ei leigetid på 10 år. Kravet er i tillegg til skriftleg avtale, at arealet vert kultivert / halde i hevd og i drift ved produksjon av fôr eller ved beiting, jf. jordlova § 8.

Skjema for jordleige kan du få ved å ta kontakt med kommunen. Du finn også skjema på kommunen si heimeside: <https://www.vindafjord.kommune.no>.

**Har du spørsmål, kan du ta kontakt med oss på landbruk i Vindafjord;**

Arne Risøy tlf. 53 65 61 32

Alf Ole Bull-Tornøe tlf. 53 65 61 22

Anne Karin Langeland tlf. 53 65 61 38

Harald Olav Stuhaug 99 23 61 14

Sissel Lilleland tlf. 53 65 61 30

Med helsing

Anne Sofie Sandvik

Einingsleiar areal og forvaltning

Sissel Lilleland

Seniorrådgjevar landbruk